



Bergen og Hordaland Turlag  
Tverrg 4-6  
5017 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/703 - 18/13731

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
04.05.2018

## Rammeløyve til oppføring av sikringshytte - gbnr 224/10 Fjelle

### Administrativt vedtak. Saknr: 194/18

#### Tiltakshavar:

#### Ansvarleg søker:

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av sikringshytte med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 86 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 60 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 6 % BYA.

Søknaden omfattar grunn- og terregnarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

#### Dispensasjon

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel og føresegn 5.5 vedkomande avstand til vassdrag.

Dispensasjon er handsama i plan – og miljøutvalet i samband med søknad om arealoverføring. Det vart den 25.04.2018 gjeve løyve til dispensasjon i sak med vår referanse 17/3179-18/3876.

#### Mindre endringar av eksisterande turisthytte

Det går fram av søknad at det også skal utførast mindre ombygging av eksisterande turisthytte. Desse endringane er:

- Utskifting av 2 vindauge med større vindauge for å gje betre lys i oppholdsrom
- Nytt soverom ved å dele av oppholdsrom
- Sikring av tilkomst til hems med ny trappestige.

Det går ikkje klart fram av teikningane og skildring om det nye soverommet inneheld vindauge eller om dette vert fjerna og brukt i oppholdsrommet. Vi kan ikkje godkjenne soverom utan vindauge, og dette vil vert satt som eit vilkår i løyvet.

Når det gjeld å sette inn større vindauge i fasaden vurderer administrasjonen dette som mindre vesentleg fasadeendring, og grunngjer dette med at endringa er såpass liten og samstundes ligg hytta i



utmarksområdet utan fare for innsyn til naboar. Når det gjeld innsetting av lettvegg for oppdeling av to rom synes vi til at rom for varig opphold skal ha vindauge og tilfredstilande rømningsveg.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.02.2018 og supplert 01.03.2018.

#### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Søknad er sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og NVE, det er ikkje innkome merknader i saka.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.03.2018.

Tiltaket skal plasserast på ei naturleg flate i terrenget .

#### **Vatn og avløp (VA)**

Sikringshytta skal ikkje ha innlagt vatn

#### **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Det skal ikkje etablerast tilkomstveg

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av sikringshytta. Det er ikkje søkt om opparbeiding av uteoppahalsareal eller murar.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Det er søkt om fråvik frå tekniske krav i byggeteknisk forskrift, TEK 10, jf pbl § 31-2, for tiltak på eksisterande bygg. Fråviket gjeld krav sett i TEK 17 vedkomande isolasjon. Det går fram av søknad at det skal nyttast 150 mm isolasjon i yttervegger og 200 mm isolasjon i golv og tak.

Vurdering:

Sikringshytta nyttast i kortare periodar, og administrasjonen vurderer avviket til å vere så lite at det ikkje får vesentleg ulemper på bruk og drift av hytta. Vi finn å kunne godkjenne avviket i § 14-3 i TEK 17.

### Tekniske krav til byggverk

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggeteknisk forskrift TEK og legg ansvarleg søker si vurdering til grunn. Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av ny sikringshytte og mindre endring av eksisterande turisthytte på følgjande vilkår:

1. Sikringshytta skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.02.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Nytt soverom i eksisterande turisthytte skal innehalde vindauge med forskriftsmessig storleik og utførelse.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Oppdaterte teikningar på eksisterande turisthytte
2. Faktisk plassering av ny sikringshytte må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/703**

### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løynet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bergen og Hordaland Turlag

Tverrg 4-6

5017

BERGEN